

# Kulturarbeid 2014

Kommunestyret vedtok kulturplanen i møte 7. april i 2011. Det vart også vedteke at det skal *"lagast ein oversikt over kva mål som er nådd kvart år, i forkant av budsjettarbeidet for neste år."* Tabellen nedanfor er ei oversikt over kulturarbeid som er utført i 2014.

Kulturplanen har tre ulike kategoriar for gjennomføring: kontinuerlege tiltak, repeterande tiltak (t.d. årleg) og tidfesta tiltak. Oversikten nedfor listar opp dei tiltaka som er tidfesta eller repeterande i planen . Tiltaka som skal gå kontinuerleg, er berre teke med dersom dei ikkje er komne i gang.

Det er få tiltak som strekkjer seg utover 2014. Rullering av handlingsplanen bør vurderast i 2015.

## 3.1. Kulturadministrasjonen

Undersøkja moglegheiter for felles kulturportal og kulturkalender med dei andre nordhordlandsommunane	Kommunane i Nordhordland har fått felles kulturkalender på nettsidene. Felles kulturportal er ikkje på dagsordnen.
Fornya og opprusta kinosalen	Ikkje gjennomført i 2014. Me har teke kontakt med kinoane i nærlieken og meldt vår interesse ved evt. sal av brukte kinostolar.
Gjennomføra ei større markering av kommunen sitt 50-årsjubileum og markera at grunnlova er 200 år	Det har vore gjennomført mange arrangement i samband med kommunejubileet. T.d. arrangement på alle barneskulane, jubileumskonsert i musikkskulen, jubileumshelg (avslutningshelg) og guida turar på Radøy. 200-årsjubileet er mellom anna markert på skulane og i eit arrangement på biblioteket i samarbeid med sogelaget.
Nytta heimesidene aktivt og laga årshjul for kultur	Nettsider og sosiale media er viktige i arbeidet med å nå ut til interesserte. Årshjul for kultur er under arbeid.

## 3.2 Musikk- og kulturskulen (RMK)

Musikkbarnehage/Musikk og leik	Ikkje nok påmelding
«Musikk frå første stund»	Kyrkja har «overteke» dette
Tilbod til barn og unge med særskilte behov	PU-gruppe for unge og litt eldre
Formidla info om tilboda kulturskulen gjev	Info og påmelding går via det nye dataprogrammet Speedadmin. Info om konsertar ol på heimesida og kulturkalender.
Undervisning i andre kulturuttrykk enn musikk	Tilbod om Visuell kunst frå 2013. Kulturskuletimen Dans og leik, eit tilbod til alle fjerdeklassane på Radøy, avslutta vinterferien 2014. Gitarprosjekt for sjetteklasse 2013-14.
Tilgjengelege og eigna undervisningslokale for RMK i alle krinsar	Arbeider med betring på dette området.

Auka talet på timar til skulekorpsa.	Noko auke. Alle dei tre skulekorpsa i kommunen kjøper tenester (dirigent, asp 1, asp 2) hjå RMK.
Arr årleg konsert for Unge Solistar	På nyårskonserten i januar får unge talent visa seg fram.
Talentutvikling «Unge musikere»	Dei eldste talenta får meir tid til undervisning. Ikkje vore aktuelle kandidater dette året.
Barnas Festspilldag, UKM, oppmoda til div opptrinn	Oppfordrar elevane til å opptre på ulike tilstellingar i kommunen, Velferdsenteret, UMK, Barnas festspilldag i Bergen
Fremja kandidater til «Draumestipendet»	Fremja 3 kandidater for 2014; Melissa Baug, song, May Iren Sylta, visuell kunst, Torstein Lunde, lyd og produksjon
Utvikla samarbeid med grunnskulen gj projekt ved td DKS	«Dans og leik» for fjerdeklasse primært, og «Gitarprosjekt for sjetteklasse» var i samarbeid med grunnskulen. RMK fekk prosjektmidlar hjå Norsk kulturskuleråd som gjorde dette mogleg.
Samarbeid med skulane om kulturskuletilbod i sfo-tida.	Aspirantopplærainga skjer stort sett rett etter skuletid/i sfo-tida.
Samarbeida med fagpersonell på tvers av einingar og disiplinar	Kulturskuleforum, og elles leiarsamlingar i kommunen
Interkommunalt samarbeid og fagleg påfyll.	Rektormøter, samarbeid om felles prosjektet; «Komposisjonsverkstaden» for ungdomar i NH med komponist Webjørn Sæter og musikkklærar Strule Berntsen Rektor er styremedlem i Norsk kulturskuleråd i Hordaland. Ulike kulturkonferranser, kulturskuleforum med rektorer i fylket, landsmøte NKR, studietur Roma
Leggja til rette for vidare kulturtildot i barnehagane	Ikkje prioritert satsingsområde.

### 3.3 Radøy bibliotek

Betre samarbeid lokalt og regionalt	Kulturkveld 1814: samarbeid med Radøy Mållag Forfattarturné 4.og 5.klassane: samarbeid med barneskulane. Konsert Sigrid Moldestad :samarbeid med Radøy Mållag. Lesekonkurranse 8.kl: samarbeid med nordhordlandsbiblioteka Temakveld om kommunesamanslåing: samarbeid m. politiske parti i Radøy og Radøy ungdomsklubb. Partnarskapsavtale for biblioteksutvikling, underteikna mellom Nordhordlandsbiblioteka og Fylkesbiblioteket
Biblioteket skal vera for alle	Automatisk dørspnar installert for brukarar med nedsett funksjonsevne. Naudsynte endringar i inngangsparti gjennomført. Arbeid med trappeheis til andre etasje gjenstår

	Utvida sommartilbud til barn og ungdom: lesekonkurransen « Sommarles» Familieaurdag med Hordaland teater Kva er Radøy bibliotek? orientering om biblioteket sine tenester til seniorar: samarbeid med Frivilligsentralen
Satsing på digitale tenester og nye medium	Ny nettportal for utlån av e-medier opna. Utlån av e-bøker/e-lydbøker igang. SMS og automatiserte tenester for publikum gjennomført

### 3.4 Radøyhallen

Vurdera å innføra nettbasert utleigesystem.	Det er oppretta ein googlekalender for Radøyhallen Eit anna bookingsystem vert vurdert i samarbeid med dei andre nordhordlandsommunane.
Utarbeida informasjonsbrosyre.	Mykje av informasjonen er klar, og det er venta at den vert laga ferdig etter budsjettet er vedteke.
Meir målretta marknadsføring.	Me har valdt å ikkje delta i fellesannonseringane for Manger sentrum, men er aktivt med på den nye nettsida <a href="http://www.mangersentrum.no">www.mangersentrum.no</a> . På bakgrunn av tilbakemeldingar frå brukarar har me vald å fokusera på eigne nettsider og har gjort denne meir brukarvennleg.
Leggja til rette for bruk til fødselsdagsfeiring og liknande.	Ungdomshuset er ope for utleige. Vart brukt til fødselsdagsfeiring i 2014
Oppgradering av basseng og garderobar	Terapibassenget har hatt naudsynte reparasjonar halve dette året, og i hovudbassenget er stuperampene fornya. Det er kjøpt inn og teke i bruk betre utstyr for å måla kjemballansen i bassenget.
Oppgradera utstyr for å gjera hallen meir eigna for ulik bruk.	Ikkje utført
Byggje lagerbygg	Ikkje utført

### 3.5 Frivilligsentralen

I samarbeid med FAU på Radøy ungdomsskule, forsøka å få i gang natteramnsordninga.	Ikkje aktuelt.
Arrangera årleg helsetur	Helsetur i september til Mallorca.
Dela ut frivilligprisen	Vert delt ut i desember
Arrangera seniorsurf	Planlagd i januar
Vera open for nye tiltak	Samarbeid med LHL om «bli kjend»-programmet for flyktningar. Mellom anna vore med og arrangert internasjonal kveld under

	jubileumshelga i oktober.
--	---------------------------

#### 4. Frivillig sektor

Revidera retningsliner for tildeling av kulturmiddlar.	Utsett til 2015
Gje kommunale tilskot til større utbetringer av lagshus.	Mindre tilskot til vedlikehald og drift er fordelt via søknad om driftsmiddlar.
Oppretta eiga tilskotsordning til opplæring i lag og organisasjonar.	Utsett til 2015
Laga eit eige årleg informasjonshefte med relevant informasjon om t.d. kurstilbod, tilskotsordningar	Utsett til 2015.
Arrangera eit årleg informasjonsmøte for lag og organisasjonar der ein opnar opp for å diskutera aktuelle problemstillingar og ta opp aktuelle tema.	Utsett til 2015.
Informera nye innbyggjarar om kulturtilbod som finst i kommunen.	Laga UNG I RADØY-hefte på engelsk til tilflytta ungdomar med minoritetsbakgrunn.
Stilla som krav for å få tildelt kulturmiddlar at følgje kort vert godteke ved opne arrangement.	Vert teke med ved revidering av retningslinjer av kulturmiddlar
Titak som fremtar inkludering og integrering skal vektleggjast ved tildeling av støtte til arrangement.	Vert teke med ved revidering av retningslinjer av kulturmiddlar
Utvida tilbodet om registrering av lag og organisasjonar på nettsida.	Ny modul for registrering av lag og organisasjonar på nettsidene er tatt i bruk.
Betra og styrka kulturkalenderen på nettsida, og undersøkja moglegheitene for felles kulturportalen i Nordhordland i samarbeid med kommunar og aviser.	Utført.
Leggja ut informasjon om lagshus på nettsidene, og vurdera moglegheitene for felles utleigeportal.	Planlagd 2015.
Støtta opp om gode ambassadørar for kommunen.	Bruk sosiale media til å fremja lokale aktørar. Gjeve tilskot til Manger skulemusikklag si EM-deltaking.
Arrangera kystsogeveker kvart år.	Det var mykje som skjedde på Radøy under kystsogevekene også i år. Opninga var i år lagt til Nøtlevågen. Arrangementet var eit samarbeid med Nøtlevåg meieri, Dale bygdelag og båtlaga i Nøtlevågen.

#### 5. Kultur for born og unge

Auka kulturmiddlar til lag og organisasjonar som satsar på born og unge.	Vert teke med ved revidering av retningslinjer av kulturmiddlar
Leggja til rette for fleire nærmiljørelaterte aktivitetar, som til dømes drama og teater.	Ungdomens teatergruppa har øving ein gong i veka i ungdomshuset

Rettleiing og kurs i førebyggjande barne- og ungdomsarbeid for frivillige som er knytt til møteplass for ungdom.	<b>Unge arrangørar. Lederkurs saman med idrettsrådet for ungdom. Sendte ungdom på kurs i Langfjord.</b>
Setja av ressursar til rettleiing av leiarar og styremedlemer i barne- og ungdomsorganisasjonar.	Ikkje gjennomført.
Oppretta kultur- og idrettsstipend.	Delt ut pris for årets trenar og årets eldsjel under idrettsgallaen i mars.
Arrangera UKM kvart år.	Arrangert på Fedje i februar saman med dei andre nordhordlandskommunane.
Koordinera Ung jobb om sommaren.	<b>Gjennomført. Samarbeid mellom kultur- og sørivistorget og ungdomskoordinatoren.</b>
Vurdera å arrangera årleg, lokal MOT sommargcamp.	<b>Vart arrangert ein fire veker sommercamp for ungdom. Med nokon aktivitetar for barn og psykisk utviklingshemma.</b>
Leggja til rette for at det vert aktivitetstilbod for born og unge over SFO alder også om sommaren.	<b>Var nokon aktivitetar som rebusløp, open hall og camp ved Nesvatnet.</b>

## 6. Kunst- og kulturformidling

Arbeida for at det årleg vert arrangert konserter eller andre sceneframsyningar med profesjonelle utøvarar.	Støtta konsert med Sigrid Moldestad. Lydia Hoen Tjore song under jubileumsgallaen.
I samarbeid med Radøy Kunst Senter arbeida for at det vert etablert eit kunstnarnettverk i Hordaland.	Kontinuerleg dialog med Radøy Kunst Senter.
Presentera ein lokal kunstnar eller utøver kvart år i det årlege informasjonsheftet om kultur.	Utsett.
Dela ut kulturprisen	Vert delt ut
Vidareføra støtta til Manger musikklag	Gjennomført.
Gje born og unge eit profesjonelt kunst- og kulturtildot minst to gonger i året	Biblioteket har hatt besøk av Hordaland teater.

## 7.1 Kulturvern

Fullføra registreringa av faste kulturminne i heile kommunen.	Arbeidet med kulturminneplan er i gang 2014. Det vert gjennomført kulturminneregistreringar i delar av kommunen som eit leidd i planarbeidet.
Arbeida for at det vert laga verneplan for opne, verneverdige båtar i Nordhordland i samarbeid med dei andre nordhordlandskommunane og museumssenteret i Salhus.	Ikkje gjennomført.
Setja av ressursar til rettleiing av eigarar og forvaltarar av kulturminne.	Museumssenteret i Salhus tilbyr gratis hjelp og rettleiing til eigarar og forvaltarar av kulturminne. Kommunen har også ressurs på dette.
Arbeida for at Museumssenteret i Hordaland	Ein prosess med å avklara eigarskap på desse

overtar eigarskapen og forvaltningsansvaret for dei freida kulturminna Syltastova og Bogatunet.	kulturminna er i gang.
Arbeida for å få ei permanent magasinløysing for båtar, reikskapar og andre verdifulle kulturminne i Nordhordland i samarbeid med dei andre nordhordlandsommunane og Museumssenteret i Salhus.	Kontinuerleg prosess.
Arbeida for at skulane gjennom sine læringsopplegg vert kjende med kulturminne i kommunen i løpet av skuletida.	Skulane er på Bogatunet kvart år. Prøver å trekkja skular og barnehagar med i arbeidet med kulturminneplanen.
Oppretta ein kulturvernpris.	Ikkje gjennomført.
Utarbeida ein publikasjon med informasjon om dei viktigaste kulturminna i kommunen.	Kulturminneplanen skal trykkast når den er ferdig.
Gjera informasjon om kulturminne tilgjengeleg på internett	Delvis gjennomført. Informasjon om fleire kulturminne vert lagt ut. Me vil også oppretta eiga facebookside i samband med kulturminneplanen.
Setja opp informasjonsskilt ved viktige kulturminne i kommunen som t.d. Knappen i Marøy, gamle ferdelsvegar, torvhushusmiljø, naustmiljø etc.	Delar av den gamle bygdevegen over Radøy er skilta.
Laga informasjonsbrosjyrer for gamle ferdelsvegar og liknande.	Ikkje gjennomført.
Setja av midlar til restaurering og vedlikehald av viktige kulturminne	Det er løyvd 45 000 kroner i midlar frå avkastninga av kulturminnefondet.

## 7.2 Immaterielt kulturvern

Ta initiativ til samarbeid om innsamling og dokumentasjon av teknikkar og kunnskap.	Ikkje utført.
Sluttføra arbeidet med gards- og ættesoga for Radøy kommune.	Siste bind kjem ut 27. november 2014.
Katalogisera og digitalisera alle foto i kommunen si eiga.	Ikkje gjennomført. Innkjøp av programvare er aktuelt.
Setja av nok ressursar til å slutføra arbeidet med innsamling og publisering av stadnamn i sabaried med Stadnamnsamlinga på Universitetet i Bergen.	Ikkje utført.

## 8. Kultur og natur

Registrera "barnetråkk" i Radøy.	Er aktuelt i samband med områdeplan for Bøvågen.
Gjera tilgjengeleg og skilta dei delane av den gamle langvegen over Radøy, som gjekk frå Alverstraumen til Rossnes, som er mogleg å ta i bruk.	Arbeid med skilting av delar av den gamle bygdevegen over Radøy er snart ferdig. Det vert vurdert oppstart av fleire prosjekt.

Vedlikehalda eksisterande turstiar i samarbeid med lag og organisasjonar, privatpersonar og gjennom eventuelle arbeidsmarknadstiltak.	Ein del får tilskot til vedlikehald av turstiar gjennom RMP-midlar. Me har fått midlar til skilting av tursti frå Sæbøvågen til Kolåseidet og Kviste i samarbeid med mellom anna søndagsdamene og Keipane kystlag.
Vidareutvikla eksisterande turstiar med skilt og informasjonstavler.	Har slita delar av gamlevegen.
Utarbeida turoppelegg kvart år med innsamling av bokstavar eller ord, og premiering.	Manger IL har tilbod om orienteringsrebus. Planlagd opplegg for 2015.
Betre informasjon om fiskeplassar på nettsider, i turistbrosjyrer og på skilt.	Informert om fiskeplassar på nettsider og i informasjonsbrosjyre. Informasjonen må gjerast endå betre.
Setja i verk tiltak, i samarbeid med grunneigarar, som er med på å hindra gjengroing av kulturlandskapet	Ikkje iverksett. Tiltak i Fosenstraumen er under planlegging som del av eit større prosjekt.
Utvikla og byggja naturleikeplassar og naturstiar	Nokre skuleklassar utviklar eigne naturleikeplassar ved uteskule.
Informera og leggja til rette for å ta i bruk sjø og vatn til ikkje-motorisert aktivitet	Ikkje iverksett